



Møre og Romsdal KrF
Stortingsvalet 2017



Verdiar som varer

1.kandidat

Steinar Reiten

Vi i KrF byggjer vår politikk på kristne verdiar. Desse verdiane ønskjer vi å omsette i praktisk handling gjennom solidaritet med verda sine fattige, vern om ufødd liv og fram til naturleg død, kamp mot sorteringssamfunnet og fokus på familien som samfunnet sin viktigaste arena for sosialisering og oppdraging.

Kristne verdiar gjev også inspirasjon til samfunnsnyttig innsats og gründerverksemd. Eit sterkt næringsliv er ein av berebjelkane i Møre og Romsdal. Eg vil arbeide for at næringslivet i vårt fylke får gode rammevilkår.





KrF sine fremste kandidatar, frå v.: Arild Iversen, Simon Molvær Grimstad, Victoria Smenes, Steinar Reiten, Randi Walderhaug Frisvoll og Lynn Brakstad.

Gjer eit verdival!

KrF meiner at det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret er dei viktigaste verdiane for å utvikle ein god politikk for landet vårt.

Ein god barndom varer heile livet. Difor legg KrF særleg vekt på familiepolitikken med vidareføring av kontantstøtta, styrking av barnetrygda, gode barnehagar og fleire lærarar i skulen.

KrF vil satse meir på yrkesfagutdanninga og sikre eit betre tilbod for ungdom når det gjeld psykisk helse.

For å utvikle levande distrikt må vi ha landbruk over heile landet, samtidig som vi styrkar småbyane. Vi vil også ha fleire statlege arbeidsplassar til distrikta.

STORTINGSKANDIDATANE VÅRE

- | | |
|---|---|
| 1. Steinar Reiten, 54 år, Averøy | 9. Arne Hop, 61 år, Rauma |
| 2. Simon Molvær Grimstad, 24 år, Ålesund | 10. Ingunn Karijord, 45 år, Sunndal |
| 3. Randi Walderhaug Frisvoll, 50 år, Haram | 11. Tore Johan Øvstebø, 57 år, Ålesund |
| 4. Victoria Smenes, 28 år, Kristiansund/Fræna | 12. Torgunn Johanne Nerland, 66 år, Molde |
| 5. Arild Iversen, 60 år, Volda | 13. Marit Øien Sæverud, 60 år, Hareid |
| 6. Lynn Brakstad, 55 år, Nesset | 14. Magne Berg, 46 år, Kristiansund |
| 7. Linn Therese Sævik, 28 år, Herøy | 15. Øystein Strand, 42 år, Stranda |
| 8. Odd Christian Stenerud, 54 år, Giske | |



10 gode grunnar til å stemme KrF

Det er mange gode grunnar til å stemme KrF. Her er ti av dei:

1. Verdier som varer

Verdiane våre kan ikkje takast for gitt. KrF vil ta vare på den kristne kulturarven. Kjenner vi røtene våre, er vi også tryggare i møte med nye menneske og kulturar. Menneskeverdet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret er verdier å bygge framtida på. Det er verdier som ber.

2. Tid og valfridom til familien

Trygge familiar gjev trygge barn. Det vil KrF leggje til rette for. Familiar må få meir tid til kvarandre. Barn er forskjellige og familiar er forskjellige. Vi vil gje valfridom og fleksibilitet til å organisere kvardagen med gode barnehagar, betre kontantstøtte, ei betre barnetrygd og permisjonsordningar som gjev meir tid til barna.

3. Meir tid til kvar elev

Alle elevar treng å bli sett. Fleire lærarar i klasserommet vil bidra til det. KrF vil lovfeste at det skal vere maksimalt 15 elevar per lærar i småskulen. Skulen skal vere ein arena for kunnskap, men også samarbeidsevner og gode verdier for å meistre livet. Vi vil ha fleire yrkesgrupper inn i skulen og fortsette kampen mot mobbing.

4. Menneskeverd i alle fasar av livet

Alle menneske er like mykje verd. Vi vil kjempe for menneskeverdet i alle fasar av livet. Ingen skal sorterast vekk! KrF seier nei til tvillingabort og ja til betre hjelp og støtte til dei som får barn med ekstra behov. Vi vil betre omsorga i siste fase av livet og seier nei til aktiv dødshjelp.

5. På lag med dei som treng det mest

KrF vil ha eit raust samfunn med plass til alle. Vi vil leggje til rette for eit inkluderande arbeidsliv der alle får bruke sine skaparevner og talent. Ingen skal gevast opp! Vi vil bidra til aktiv integrering av flykningar og innvandrarar. KrF vil gje gode behandlingstilbod til dei som slit med rus eller psykisk helse, også i regi av frivillige aktørar. KrF vil bekjempe vald og overgrep mot barn.

6. Verdig alderdom

Eldre er ein stor ressurs for samfunnet og skal kunne leve sjølvstendige, aktive og trygge liv og halde seg friske så lenge som mogleg. Når behovet for hjelp melder seg, skal eldre få tilbod om helsetenester, eigna buform og anna støtte. KrF vil bidra til ein verdig alderdom for alle.

7. Levande distrikt

KrF vil ta heile landet i bruk! Vi ønsker eit livskraftig landbruk som gjev auka matproduksjon, betre inntektsutvikling for bøndene og styrka jordvern. Vi treng tryggare vegar, betre transportløyningar på jernbane, sjø og annan kollektivtrafikk og meir breibandsutbygging. Statlege arbeidsplassar må fordelast over heile landet.

8. Verdiskaping

KrF vil leggje til rette for ny skaparkraft. Næringslivet og norsk eigarskap må gjevast rammevilkår som kan sikre arbeidsplassane og leggje grunnlag for nye. Vi vil fjerne skatt på arbeidande kapital – verdiane som blir i bedriftene og skaper nye arbeidsplassar. KrF vil ha gode ordningar for næringsutvikling og gjere det enklare å starte nye bedrifter.

9. Ein offensiv klimapolitikk

Norge må ta sitt ansvar for å redusere klimaudringane, både gjennom å kutte i utsleppa nasjonalt og å bidra aktivt internasjonalt. Vi må intensivere omlegginga til nye fornybare energikjelder. Vi skal beskytte sårbare område. KrF seier nei til oljeboring i Lofoten, Vesterålen og Senja.

10. Nestekjærleiken kjenner ingen landegrenser

Vi må aldri bli oss sjølve nok! KrF står i front i kampen mot menneskehandel – vår tids slaveri – både i Norge og internasjonalt. Vi har eit ansvar for å hjelpe verda sine fattige og forfølgde. Bistand har bidrege til framgang innan utdanning, helse og godt styresett i mange land. KrF vil auke innsatsen for internasjonal rettferd. Det er ingen grenser for menneskeverdet.

